

# Årsmøte Silda Velforeining 2015

Referat frå årsmøte, påskeafta, 04.04.15. kl 14.00

21 personar var frammøtte

## 1. Velkommen v/leiar Ole Sætren

## 2. Val av møteleiar og referent.

Styret sitt forslag: Ole Sætren

referent: Paul Sundnes

Valde ved akklamasjon

## 3. Styret si årsmelding.

Sekretær Paul las meldinga, utlagd til deltakarane

Retting av årsmeldinga; til pkt. 5 Planen har vore drøfta med fastbuande som har stilt seg negativ til planen.

Skateboardrampen fekk Silda Velforeining med tilskott frå Norgesrampen, til oppsetting på Silda.

Vedtak: Årsmeldinga vart godkjend

## 4. Rekneskap for 2013 pr 31.12 2013 v/ Kjell Rune Gangsø.

Rekneskapen var lagd ut på møtet og vart balansert med kr. 73.003,50 inklusiv rest av tilskot frå Gjensidigefondet til turstiar, på 13.600

**Laget har i 2014 fått Kr 5119,43 frå Norsk Tipping.** (informasjon på heimesida)

Rekneskapen var revidert

*Det vart uformelt kommentert at heimesida var dyr: (2000 + 1602,50.) kr 2000 var kostnad med oppbygging av ny heimeside, 1600 er årleg avgift for lagerplass/webhotel*

Det vart avdekt at det måtte vere feil i utlevert rekneskap / utskrift, på 6.000 kr

Vedtak: Rekneskapen vart ikkje godkjend.

(Styret må avklare feilen, før utlegging på Silda.com)

## 5. Budsjettforslag 2014.

Blomster på Silda.(saka vart gløymt under møtet, styret løyver like vel)

Vedtak: Det vart avsett inntil 50.000 kr til asfaltering. (sjå 9.Evnt. Pkt 6.)

## 6. Fastsetting medlemsavgift

Vedtak: Årsavgifta vert uendra kr 300 .

## 7.Val:

Valnemnda : Unni Henden og Leif Magne Wik. Formann la fram forslaget:

**A. Styret: På val i 2016:** Kjell Rune Gangsø og Jan Silden

**På val i 2015 :** Paul Sundnes og Ole Sætren - (Ole Sætren sa frå seg attval)

**Forslag:** Paul Sundnes og Kari Sølvberg Silden

Vedtak: Valde utan motkandidatar.

**B Vara til styret for eit år- forslag:** Sindre Langlo og Unni Henden

Vedtak: Valde utan motkandidatar.

**C. Valnemnd for eit år - forslag:** Leif Mange Viik og Helge Silden

Vedtak: Samrøystes utan motkandidatar

**Revisorar: forslag:** Attval på Eva Silden og Karin Nyheim

Vedtak: Samrøystes utan motkandidatar

**8. Behandle innkomne saker.**

Ingen saker melde til årsmøtet.

**9. Eventuelt – saker melde under møtet.**

1. Årsmøtet bad om at medlemene får utdelt sakliste til/før møtet.

2. Det vart fremja kritikk for at sporløpet i 2015 vart avlyst, og at styret trekte seg frå andre innarbeidde rutinar/arrangement.  
Frå styret vart det hevda at det må til meir privat initiativ for arrangement av ulikt slag. Dersom styret i laget skal vere ein dugnadsgjeng og arrangementkomite av gamle og nye tiltak vil det verte vanskeleg å få folk til å stille i styret.  
Laget kan stille med premiar til ulike arrangement som hattefest, sporløp m.m, dersom nokon tek initiativ for dette.  
Det var semje om dette mellom årsmøtedeltakarane.

3. Dugnader i framtida

På møtet var det stor semje om at det ikkje må startast opp nye tiltak. No må ein først få gjennomført det som er planlagt.

3. Dugnadsorganisering

Det vart fremja forslag om å organisere dugnadar slik at folk kan delta når dei har tid, og ikkje berre til fastsette dagar,  
Forslag om å organiserer ulike grupper med koordinator vart vedteke. Koordinatorane får med seg hjelparar og bestemmer framdrift.

**Semje:** Oppsetting av benkar: Ole, Sindre og Einar Rune  
Opparbeiding stiar:– rydding: Jan Silden og Kjell Rune  
Oppsetting skilt: Paul Sundnes

4. Renovasjonsordning for Silda.

På møtet var det opplyst at renovasjonsordninga står i fare, grunna uklar avtale om transporten. Det vart også på møtet hevda at ikkje alle brukarar betalar for ordninga  
Årsmøtet var samstemt om at denne ordninga har vore til best både for fastbuande og fritidseigedomar på Silda, og at ordninga må inn i faste former.

**Semje:** Styret skal sende oppmoding til Vågsøy kommune om å innføre tvungen renovasjon for Silda.

5. Skateboardrampen. Etter fleire forslag frå årsmøtet vart det semje om å montere rampen, dette for at reglane i tildelinga kan oppfyllast. Dersom rampen vert til sjenanse for naboar vert det styret sitt ansvar å få den demontert og fjerna

## 6. Vedlikehald vegar.

Oljegrusen som vart lagt på slutten av 1970-åra har mange stadar vorte skada og vegen treng sårt til vedlikehald. Graset veks inn i vegbanen og oljegrusen går i oppløysing. Ole Sætren kunne opplyse at SFE skal legge ny kabel frå trafostasjonen til hamna. Kabelen skal denne gongen gravast ned i vegen. SFE vert pålagt å reasfaltere den delen av vegen som vert øydelagd med graving eller køyring. Det vart stilt spørsmål om Velforeninga eller Grendalaget eller andre lokale kunne delta i eit felles løft for å få asfaltert mest mogeleg av hovudvegane:

**Semje:** Ole Sætren, får i samarbeid med styret, fullmakt til å forhandle med SFR og kommunen.

Målet må vere å får gjennomført reasfaltering av mest mogeleg av vegen på Silda. Dette må kome i tillegg til dei områda SFE må reparere. Årsmøtet meinte at Velforeninga kan delta i asfalteringa med ein delsum. I tillegg til det Vågsøy løyver kan Velforeninga, saman med andre lokale tilskot, løyve inntil ca 30% av kostnaden med asfaltering.

I samband med at det kjem asfaltmaskiner på øya må det også drøftast om private kan få kjøpe legging til den avtalte prisen kommunen får. Ole får ansvar for å halde kontakt med Silda Velforening, -Gjestebrygge og- Grendahuset om desse vil delta i fellesløftet.

7. Anløp av Bergensbåten på nord, fred- og dag før helgedag/langhelgar i sommarhalvåret  
Paul orienterte om den forhandling/kontakt laget endeleg har fått med Norled. (Årsm.pkt 9)  
Paul vert beden om å halde kontakta og prøve å få på plass ein avtale.  
Laget kan ikkje binde seg til eit fast tal passasjerar, men prisen kan setjast til Selje.

Referent  
Paul Sundnes  
sekretæ



Rett møtebok  
Sindre Langlo

